

Aktivitetsgrupper



Påmelding:

www.kyrkja.no/sund/konfirmant/aktivitetsgruppe



Aktivitetsgrupper

Alle konfirmantane er med i ei aktivitetsgruppe. I denne gruppa får du vere ein del av arbeidet i kyrkjene Sund. Det er mange ulike aktivitetar å velje mellom, og dei varierer i både innhald og tid.

Hugs å sjekke nøye at tidspunktet for aktivitetsgruppa ikkje krasjar med andre aktivitetar du er med i.

Du melder deg på til grupper på nettsida www.kyrkja.no/sund/konfirmant/aktivitetsgruppe.

Alle gruppene har begrensa plass, derfor må du sette opp ei liste med minst tre alternativ. Frist for påmelding er onsdag 2. september.

Dei som melder seg på etter fristen kan berre velge mellom gruppene som har ledig plass.

Kreativ gruppe

Dette er gruppa for deg som vil sleppe kreativiteten laus! Her kan du prøve deg på scrapping, decoupage, maling og andre teknikkar.

Ein tysdag i månaden kl. 12.40-15.30 i Sund kyrkje.

Datoar for hausten: 29. september
27. oktober
24. november
15. desember



Medhjelpar, Julemesse og Vårmarknad

Du deltek som medhjelpar på Julemessa i Sund kyrkje og Vårmarknaden i Kausland kyrkjelydshus. Oppgåver kan vere å selge mat og lodd, gå med premier, praktisk kjøkkenhjelp o.l.

Sund kyrkjekjellar laurdag 14. november kl. 12-15 og
Kausland kyrkjelydshus laurdag 10. april kl. 13-17

Hjelpeleiar, Betweensklubben

Du deltek som hjelpeleder på Betweensklubben. Oppgåvene kan vere å lage kveldsmat, hjelpe til på aktivitetar m.m.

Sund kyrkje.

Ein tysdag i månaden kl. 17-20

Hjelpeleiar, Stjernekor

Du deltek som hjelpeleder på Stjernekor (barnekor). Oppgåvene kan vere å lede ein lek, å syngje saman med barna, å lage til saft og kjeks o.l.

Sund kyrkje.

Annakvar tysdag kl. 17.15-18.45

Hjelpeleiar, Kyrkjemiddag

Du deltek med praktiske oppgåver på Kyrkjemiddag i Sund kyrkje. Oppgåvene kan vere å dekke på, ønske velkommen, rydde av, hjelpe til med hobbyaktivitetar o.l.

Sund kyrkje

Ein tysdag i månaden, kl. 16.30-19.00





Hjelpeleiar, Myldredag

Du deltek med praktiske oppgåver på Myldredag i Kausland kyrkjelydshus. Oppgåver kan vere kjøkkenhjelp, hobbyaktivitet o.l.

Kausland kyrkjelydshus
Ein onsdag i månaden kl. 16.30-19.00

Hjelpeleiar, Treffpunkt

Du deltek som hjelpeleder på tweensklubben Treffpunkt. Oppgåvene kan vere å stå i kiosken, hjelpe til med aktivitetar o.l.

Kausland kyrkjelydshus
Ein fredag i månaden kl. 18.30-21.30

Hjelpeleiar, LysVåken og Tårnagent

Du deltek med praktiske oppgåver på LysVåken, der 12-åringane overnattar i kyrkja, og på Tårnagentdagen, der 8-åringane blir kjent i kyrkja.

Det kan vere oppgåver som kjøkkenhjelp, stå på ein post på sporløp, hjelpe til på ein hobbyaktivitet m.m.

Laurdag 28. november kl. 16-23
og ein laurdag til våren kl. 14-19



Jubileumsjournalist

Du deltek som journalist til jubileumsheftet som Sund sokn skal gi ut. På gudstenesta med konfirmantjubileum intervjuer de nokre av dei som har vore konfirmantar for 50, 60 og 70 år sidan, om deira konfirmanttid. Saman med dei andre i redaksjonen, skriv de ein artikkel om konfirmanttida før og no.

Gudsteneste med konfirmantjubileum 20. september i Sund kyrkje og møter i "redaksjonen" før og etterpå.

Gudstenestemedhjelpar

På gudstenestene er det mange ulike folk som har forskjellig oppgåver. I Sund og Kausland kyrkjer pleier det å vere 6-8 personar i sving kvar søndag. Nokon av dei har det som jobb , men dei fleste deltek som frivillige medarbeidarar. Som gudstenestemedhjelpar er du saman med dei faste frivillige på ulike oppgåver.

Familiégudsteneste

Du deltek med praktiske oppgåver på familiégudstenester. Det kan vere utdeling av utstyr, hjelpe til med hobbyaktivitet på kyrjekaffien o.l.
3-4 søndagar kl. 10-13.30

Forsongarkor

Du er med i forsongarkoret på gudstenester i løpet av året. Øving i forkant med organist Marija.
2-3 søndagar kl. 10.30-12.30 + øvingar

Praktisk hjelp

Du deltek med ulike praktiske oppgåver t.d. å styre PC, dele ut salmebøker, ønske velkommen, tenne lys.
3-4 søndagar kl. 10-12.30

Kyrjekaffi

Du er med på å ha ansvar for kyrjekaffi etter gudstenesta. Dette inneber å bake ei kake/ bollar, dekke på i forkant av gudstenesta og rydde etterpå.
3-4 søndagar kl. 10-13.30



Gudstenester i Sund sokn

Søndag 30. august kl. 11.00

Gudsteneste i Kausland kyrkje

Søndag 6. september kl. 11.00

Mini-gudsteneste på gravplassen

Fredens bolig i Telavåg

Søndag 13. september kl. 11.00

Familiegudsteneste i Kausland kyrkje

Søndag 20. september kl. 11.00

Gudsteneste med konfirmantjubileum

i Sund kyrkje

Søndag 27. september kl. 11.00

Gudsteneste i Kausland kyrkje

Søndag 4. oktober kl. 11.00

Gudsteneste i Sund kyrkje

Søndag 18. oktober kl. 11.00

Myldregudsteneste med

hausttakkefest i Sund kyrkje

Søndag 25. oktober kl. 11.00

Salmegudsteneste i Kausland kyrkje

